

VENNSKAP OG LITT AV KVART



ILLUSTRASJON: Are Edvardsen

Ro, ro, relte.
Kjøpe barnet belte,
nye sokkar, nye sko.
Så skal barnet heim att ro.
Først til far, så til mor,
så til søster, så til bror
og så til gamle bestemor

Frå Ørsta



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

VENNSKAP OG LITT AV KVART

Hallo, hallo, kom set deg her.
Kom og set deg ganske nær.
Vi skal fortelje eventyr
og syngje litt om folk og dyr.
Bommelibom og timtamtū,
her sit eg og der sit du!
Samlingsstunda for dei små
byrjar nettopp nå, hei hå!

Frå Volda

Blomstrar små, gule, blå,
rundt omkring på marka står.
Vinkar til Tove-lill, for ho er så snill.
Blomstrar små, gule, blå,
rundt omkring på marka står.
Vinkar til Håkon-lill, for han er så snill.

(Syng vidare til alle har høyrst sitt eige namn.)

Ukjent opphav

Nynorsk versjon frå Ørsta

Så gjer me så når me går oss ein tur,
går oss ein tur, går oss ein tur.
Så gjer me så når me går oss ein tur.
Og alle vil vere venner.

Alle går i ring, slik:

1. vers: Gå med hendene på hovudet til kvarandre
2. vers: Gå med hendene på skuldrene til kvarandre
3. vers: Gå med hendene om livet på kvarandre
4. vers: Gå med hendene på hoftene til kvarandre
5. vers: Gå med hendene på knea til kvarandre
6. vers: Gå med hendene på tærne til kvarandre.

Frå Vindafjord

Gjer ikkje narr på nokon måte.
Ein annan gong kan det bli du som får gråte.

Frå Ørsta

Kvar skal du av Signe lita?
Av å plukke nøtter kan du vita.
Du når ikkje opp Signe lita.
Eg stig opp på ein stein kan du vita.
Då dett du ned og bryt av eit bein, Signe lita.
Eg held meg i ei grein kan du vita.

Frå Ørsta

Vil du vera venen min, venen min, venen min?
Vil du vera venen min og dansa litt med meg?
xxx han/ho er venen min, venen min, venen min.
xxx han/ho er venen min, no dansar me i veg.

I staden for «dansa» kan de òg syngje «hoppa», «hinka», «snurra», «tøysa» eller liknande. De kan anten syngje om alle borna som er til stades, eller – dersom de har songen som fast innslag på samlingar – syngje om eitt barn kvar dag. Barnet som vert plukka ut, kan gjerne få kome med framlegg til kva verb som skal nyttast.

Tekst: Arild Torvund Olsen

Melodi: Mary Had a Little Lamb

Han xxxxx er liten og gløgg og forviten
og alltid så grev han og spør:
«Kor gamal er jorda, kvar vart det av sola,
kvifor har ikkje hunden vår fjør?»

Skal då seiast med dei rette verseføtene. Men innhaldet kan tilpassast kven som helst ved å byte ut namn, pronomer og samsvarsbøyinga på adjektiva.

Frå Nordfjord

